



FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN



RETTLEIAR OG MAL

Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen og årsmeldinga

Rettleiar til kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen og årsmeldinga

Innhald

Rettleiar til kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen og årsmeldinga	2
1. Innleiing	3
2. Ansvar for økonomiforvaltinga, årsrekneskapen og årsmeldinga	5
2.1 Ansvar for økonomiforvaltninga	5
2.2 Ansvar for årsrekneskap og årsmelding	6
3. Formålet med kontrollutvalet sin uttale.....	7
4. Grunnlaget for uttalen	7
5. Vurdering av årsrekneskapen og årsmeldinga/budsjettavvik	8
6. Vurdering av økonomiforvaltinga og internkontrollen	9
7. Vurdering av den kommunale økonomiske berekrafta (KØB)	13
8. Vurdering av ikkje-økonomiske krav i årsmeldinga.....	15
9. Vurdering av revisjonen sitt arbeid	16
VEDLEGG 1.....	17
Mal for kontrollutvalet si uttale til årsrekneskap og årsmelding 20xx.....	17
VEDLEGG 2.....	19
Dokumentasjon til saksframlegg eller vedlegg til uttalen.....	19
1. Innleiing	19
2. Ansvar for økonomiforvaltninga.....	19
3. Formål med kontrollutvalet si uttale	19
4. Grunnlag for uttalen	19
5. Vurdering av årsrekneskapen og årsmelding	20
5.1 Revisjonsmeldinga	20
5.2 Årsrekneskapen	21
6. Vurdering av økonomiforvaltninga og internkontrollen.....	22
7. Vurdering av den kommunale økonomiske berekrafta (KØB)	25
7.1 Økonomisk handleevne.....	25
7.2 Realistiske planar	26
7.3 Forvaltning av finansielle midlar og gjeld utan vesentleg finansiell risiko	27
7.4 Vurdering av likviditet	27
8. Vurdering av ikkje-økonomiske krav i årsmeldinga.....	28
9. Vurdering av revisjonen sitt arbeid	29

EIGE VEDLEGG (excel-fil) Formlar for talanalyse, ref. vedlegg 2, pkt 7.1-7.4

1. Innleiing

Bakgrunn og formål

Noverande kommunelov stiller ei rekke nye og grunnleggande krav til økonomiforvaltinga og berekrafta i kommunen. Økonomisk handleevne må bli teke hand om over tid, og planane for drifta og økonomien skal vere realistiske. For å sikre at kommunen tek ansvaret sitt alvorleg, stiller kommunelova krav om at kommunestyret sjølv vedtek finansielle måltal eller «handlingsreglar» for utviklinga av kommunen sin økonomi.

I årsmeldinga skal det mellom anna gjerast greie for forhold som er viktige for å vurdere den kommunale økonomiske utviklinga og -stillinga. Noverande kommunelov inneheld i tillegg eit nytt krav om ei vurdering av om den økonomiske handleevna blir tale vare på over tid.

Kontrollutvalet skal gje uttale til kommunestyret om årsrekneskapen og årsmeldinga. Kontrollutvalet si plikt til å gje uttale til årsmeldinga er ny, og skal settast i verk frå rekneskapsåret 2020, jamfør kommunelova § 14-3.

Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) sitt formål med rettleiaren er å bidra til at kontrollutvala styrkjer kontrollfunksjonen sin ved å heve nivået på uttalen til kommunestyret. På sikt ønsker vi også å bidra til ein felles måte å skrive uttalane på, slik at praksis blir meir einsarta over heile landet.

I rettleiaren skiljer vi mellom kva uttalen bør innehalde og kva den kan innehalde. Kva som bør med i uttalelen er først og fremst knytt til årsrekneskapen, innhaldet i revisjonsmeldinga, beløp i rekneskapen og budsjettavvik. Ny kommunelov framhevar kontrollutvalet sitt påsjå-ansvar for økonomiforvaltinga som eit særskilt ansvar i tillegg til mellom anna rekneskapsrevisjonen. Derfor meiner vi at det bør vere nærliggande å vurdere forhold i økonomiforvaltinga som sentrale moment i kontrollutvalet sin uttale til årsmeldinga. Rettleiaren seier noko om korleis dette kan gjerast.

I høyringsrunda har vi fått fleire tilbakemeldingar på at rettleiaren er for omfattande og fagleg krevjande. I tillegg er det ei utfordring med korte fristar frå det tidspunktet årsrekneskapen og årsmeldinga må ligge føre og tidspunktet for den politisk behandlinga. Ei løysning på desse utfordringane er at kontrollutvalet og sekretariatet sjølv tilpassar malen til eigen praksis ved å ta rettleiaren i bruk gradvis. Det første året vil vere det mest krevjande. Fleire tema og fleire år kan derfor bli innarbeida gradvis, og sekretariata kan utvide bruken gradvis til fleire kommunar.

FKT vil også vurdere å tilby kurs.

Oppbygginga til rettleiaren

Rettleiaren inneheld ein hovuddel og tre vedlegg.

I hovuddelen si innleiing blir ansvarsforholda knytt til økonomiforvaltinga omtala, formålet med kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen og årsmeldinga og grunnlaget for denne (pkt. 2-4). Vidare i pkt. 5-9, følgjer ein omtale om kva som bør og kan danne grunnlaget for uttalen. Pkt. 5 gjeld årsrekneskapen. Pkt. 6-8 følger i hovudsak strukturen i kommunelova § 14-7 om krava til innhaldet i årsmeldinga. Pkt. 9 viser korleis ei vurdering av revisjonen sitt arbeid kort kan summerast opp.

Vedlegg 1 er eit eksempel på ein uttale (1-2 sider). Vedlegg 2 kan vere innhaldet i ei saksutgreiing, eventuelt vedlegg til saksutgreiing. Hensikta er å vise grunnlaget for uttalen. Det siste vedlegget (excel-fil), viser korleis kommunal økonomisk berekraft (KØB) kan bli operasjonalisert og analysert.

Presiseringar og avgrensingar

I utgangspunktet viser rettleiaren eksempel på tal frå rekneskapan for kommunekassa, kommunelova § 14-6 a. Dette kan sjølvstilt tilpassast kommunen si organisering i føretak og anna verksemd som er ein del av kommunen, § 14-6 b og c.

I høyringsbrevet bad vi om tilbakemelding på eventuell bruk av rekneskapstal frå eit samla rekneskap for kommunen som juridisk eining, kommunelova 14-6 d. På grunnlag av mottekne kommentarar, meiner vi det er relevant å analysere både regnskapstal for kommunekassa og den samla rekneskapan.

Krav til rapportering av budsjettavvik, jamfør kommunelova § 14-7 b, gjeld kommunekassa sin rekneskap og ikkje den konsoliderte rekneskapan.

Under høyringsmøtet fekk vi spørsmål om korleis sjølvkostområder kan eller bør bli omtala. Av alle kommunale sjølvkosttenester er det bare innan renovasjon at kommunen skal dekke heile sjølvkosten gjennom prisinga («forureinar betalar»- prinsippet), forureiningslova § 2 pkt. 5. For andre tenester kan kommunen velje å ta mindre betaling enn sjølvkost. Dvs. at ein dekker deler av kostnadane av inntektene frå skatt og rammetilskot. I tabellane som handlar om kommunal økonomisk berekraft, har vi vist korleis vedlikehaldsetterslep på vass- og avløpsområdet (VA) kan bli omtala.

For å forenkle framstillinga blir det i det følgjande brukt "kommune" som felles omtale for "kommune og fylkeskommune", dersom ikkje anna går fram av samanhengen. På same måte omtalar vi som regel bare kommunale organ og -rollar, sjølv om framstillinga også gjeld for tilsvarende fylkeskommunale organ og -rollar.

Arbeidsgruppa ønsker lukke til med bruken av rettleiaren.

Oslo/Molde/Sogndal,

Februar 2021

Anne-Karin Femanger
Pettersen,

Generalsekretær
FKT

Einar Ulla,
Nestleiar i FKT og seniorrådgjevar i
sekretariatet for kontrollutvalet i
Vestland Fylkeskommune

Tor Harald Hustad,
Kontrolldirektør i Møre og Romsdal
Fylkeskommune

2. Ansvar for økonomiforvaltninga, årsrekneskapen og årsmeldinga

2.1 Ansvar for økonomiforvaltninga

Noverande kommunelov stiller ei rekke nye og grunnleggande krav til økonomiforvaltninga og berekrafta i kommunen¹, jamfør. kommunelova § 14-1:

- Økonomisk handleevne må bli teke i vare over tid
- Planane for eiga drift og økonomi skal vere realistiske
- Finansielle midlar og gjeld skal forvaltast utan vesentleg finansiell risiko
- Krav skal bli betalte ved forfall

Grunngjevinga for denne regelen er presisert i forarbeida til kommunelova av 2018:

«Utvalgets forslag innebærer en lov som sterkere fremhever kommunestyrets ansvar for en langsiktig økonomiforvaltning, men uten at det innføres detaljerte og inngripende krav til eksempelvis størrelsen på årlige budsjettoverskudd eller et maksimalt gjeldsnivå for den enkelte kommune. Forslaget bygger på at det kommunale selvstyret vil stå sterkere der de folkevalgte i samspill med administrasjonen etablerer lokale handlingsregler og en økonomisk politikk som ivaretar økonomien over tid.» (NOU 2016: 19.1.2 tredje avsnitt)

Ein grunnleggande premis for god langsiktig økonomiforvaltning og kommunal økonomisk berekraft er at:

*«..dagens tjenestetilbud minst er i samsvar med visse minimumsstandarder (krav i lover og regler m.m.) og kan opprettholdes over lengre tid uten vesentlig kvalitetsmessig forringelse i tjenestetilbud, nedbygging av formue eller skattemessige eller gjeldsmessige økninger.»*²

For å sikre at kommunestyret tek ansvaret sitt, stiller kommunelova krav om at kommunestyret sjølv vedtek følgande reglar vedkommande økonomiforvaltninga, jamfør § 14-2:

- Finansielle måltal for utviklinga av kommunen eller fylkeskommunen sin økonomi
- Reglar for økonomiforvaltninga (økonomireglement)
- Reglar for finans- og gjeldsforvaltninga (finansreglement)

Formålet med finansielle måltal er at dei skal seie noko om kva som skal til for å oppnå ei forsvarleg langsiktig utvikling som også gir ein økonomisk handlefridom for kommande generasjonar. Dei finansielle måltala bør samtidig balansere kortsiktige- og langsiktige omsyn.

Kontroll med økonomiforvaltninga

Kontrollutvalet har det overordna ansvaret for å sjå til at det blir kontrollert at kommunen si

¹ Kommunal økonomisk bærekraft - KØB

² KØB forskingsrapport nr. 1 18.02.18, «Kommunal økonomisk bærekraft (KØB) OVERSIKT OVER FORELØPIGE FORSKNINGSFUNN», Levi Gårseth-Nesbakk, Samarbeidsprosjekt mellom Rana kommune og Handelshøgskolen, Nord universitet,
[https://www.rana.kommune.no/organisasjon/planer_budsjett_regnskap/kob/SiteAssets/Sider/side/K%C3%98B%20rapport%20nr%201.%202018_oversikt%20forel%C3%B8pige%20funn_\(END\)_sendt%2018.02.18_.pdf](https://www.rana.kommune.no/organisasjon/planer_budsjett_regnskap/kob/SiteAssets/Sider/side/K%C3%98B%20rapport%20nr%201.%202018_oversikt%20forel%C3%B8pige%20funn_(END)_sendt%2018.02.18_.pdf)

økonomiforvaltning blir gjennomført i samsvar med gjeldande reglar og vedtak, kommunelova § 23-2. Kontrollutvalet sitt ansvar er ikkje avgrensa av eller avgrensa til kontrollen som rekneskapsrevisor skal utføre med forenkla etterlevingskontroll.³

Kontrollutvalet sitt ansvar for økonomiforvaltninga blir framheva i kommunelova § 23-2, som eit særskilt ansvar ved sida av ansvaret for rekneskapsrevisjon, forvaltingsrevisjon og eigarskapskontroll. På denne måten synleggjer og tydeleggjer den noverande kommunelova dette ansvaret betre enn det som var tilfelle i den tidligare lova.

Det er kommunedirektøren sitt ansvar å etablere internkontroll, kommuneloven § 25-1. Internkontrollen skal mellom anna sikre at langsiktig økonomiforvaltning og kommunal økonomisk berekraft blir teke hand om på ein god måte. Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret om internkontrollen og om resultat frå statlig tilsyn minst éin gong i året, kommuneloven § 25-2.

2.2 Ansvar for årsrekneskap og årsmelding

Ansvar for å utarbeide årsrekneskap og årsmelding ligg til kommunedirektøren, kommunelova §§ 13-1. Årsrekneskapen skal utarbeidast i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk, kommunelova § 14-6.

Ansvar for å vedta årsrekneskapen og årsmeldinga ligg til kommunestyret, kommunelova § 14-2.

På grunnlag av dei finansielle måltala, skal årsmeldinga innehalde ei vurdering av om den økonomiske utviklinga og –stillinga, slik den går fram av årsrekneskapen, er forsvarleg og tek vare på handleevna i eit lenger perspektiv, kommunelova § 14-7 a-b. Det er ikkje lenger tilstrekkeleg at det i årsmeldinga bare blir referert til sentrale resultatattal frå årsrekneskapen. Kommunelova inneheld også krav til rapportering av ikkje-økonomiske forhold, kommuneloven § 14-7 c-f.

Omtale av internkontrollen er ein naturleg del av kommunen sin årsrapport. I mange kommunar inneheld denne også årsmeldinga.

Revisor sitt ansvar er å vurdere om årsrekneskapen og årsmeldinga inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev og å uttale seg om dette i revisjonsmeldinga, kommuneloven §§ 24-5 og 24-8. Som følge av utvida krav til innhaldet i årsmeldinga, er også revisjonen av årsmeldinga blitt utvida. Dette gjeld spesielt årsmeldinga si omtale av vesentlege avvik mellom budsjett og rekneskap. Når det gjeld opplysningar i årsmeldinga om andre forhold utover det som gjeld årsrekneskapen, skal revisor bare undersøke om slike opplysningar er gitt. Kommunelova inneheld inga plikt for revisor til å vurdere opplysningane.

Kontrollutvalet sitt ansvar er å uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapen og årsmeldinga før formannskapet eller fylkesutvalet innstiller til vedtak, kommunelova § 14-3.

³ Jfr. Kommunelova kap. 30 «Merknader til § 23-2 Kontrollutvalgets ansvar og myndighet»
«Kontrollutvalgets ansvar etter bokstav b er ikke begrenset av eller begrenset til kontrollen som regnskapsrevisor skal utføre etter § 24-9.»

Regelen er ei presisering av at kontrollutvalet sin uttale også skal handle om forhold i årsmeldinga.

Det er opp til kontrollutvalet sjølv å bestemme kva uttalen til årsrekneskapen og årsmeldinga skal innehalde. Verken lova eller forskrifta stiller konkrete krav til uttalen, utover at den skal knyte seg til forhold i årsrekneskapen og årsmeldinga og tilhøyrande revisjonsmelding.

3. Formålet med kontrollutvalet sin uttale

Når kommunestyret behandlar årsrekneskapen og årsmeldinga, utøvar kommunestyret samtidig kontroll med administrasjonen. I den samanhengen har kommunestyret behov for uavhengig informasjon om korleis kommunedirektøren har følgd opp krava til økonomisk internkontroll, økonomiforvaltning og berekraft. Her er det kontrollutvalet sitt ansvar å sørge for jamleg kontroll på kommunestyret sin vegne. Presiseringa i kommunelova om at kontrollutvalet sin uttale også skal handle om forhold i årsmeldinga, gjer dette ansvaret tydelegare.

Årsmeldinga skal mellom anna omtale forhold som er viktige for å vurdere den økonomiske utviklinga og -stillinga, og om den økonomiske handleevna blir teke vare på over tid. Det er nærliggande å vurdere desse som sentrale moment i kontrollutvalet sin uttale.

Formålet med kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen og årsmeldinga bør vere å gje kommunestyret oppsummerande og samla informasjon om at det gjennom året er gjennomført uavhengig kontroll med at krava til årsrekneskapen og årsmeldinga er teke i vare i samsvar med lov, forskrift og eigne reglar, jamfør kommunelova §§ 14-1, 14-2 og 14-7.

Korleis formålet kan operasjonaliserast, er omtala i kapitela 5-8.

4. Grunnlaget for uttalen

Her bør det bli opplyst at grunnlaget for uttalen er dokumenta og handlingane som ligg til grunn for saka slik som:

- Framlagt årsrekneskap og årsmelding frå kommunedirektøren
- Revisor sin rekneskapsrevisjon
 - o Revisjonsmeldinga
 - o Nummererte brev
 - o Rapportar frå revisor
- Analyser av økonomisk internkontroll og økonomiforvaltninga, samt KØB, jamfør punkt 6-8 og eige vedlegg, «Formler for tallanalyse».
- Påsjå-ansvaret av revisjonen sitt arbeid, medrekna revisor si vurdering av å vere uavhengig.
 - o Revisor sine orienteringar til kontrollutvalet om revisjonsplanar, oppsummering etter interimrevisjonen og årsoppgjersrevisjonen

For å sikre god struktur i sak om årsrekneskap og årsmelding, kan det vere ein fordel om vedlegga har følgande rekkefølge når saka blir lagt fram til behandling:

- Vedlegg 1: Kontrollutvalet sin uttale
- Vedlegg 2: Revisjonsmeldinga
- Vedlegg 3: Årsmeldinga
- Vedlegg 4: Årsrekneskapen
- Vedlegg 5: Finansrapport

5. Vurdering av årsrekneskapen og årsmeldinga/budsjettavvik

Følgande moment bør bli vurderte:

Tema	Vurdering	Hente inn informasjon (ikkje uttømmende/ferdig)
Innhaldet i revisjonsmeldinga	Finst det merknadar frå revisor i revisjonsmeldinga? <ul style="list-style-type: none"> • Er den rein (ordinær) eller har den atterhald? • Korleis blir atterhalda forklara? 	Revisjonsmeldinga
Årsrekneskapen - Økonomiske tal	Kva er storleiken på <ul style="list-style-type: none"> • Meir-/mindreforbruket • Netto driftsresultat 	Årsrekneskapen – skjemaet kalt økonomisk oversikt drift Revisjonsmeldinga

Tabell 1

Følgande moment kan bli vurderte:

Tema	Vurdering	Hente inn informasjon (ikkje uttømmende/fullstendig)
Usikre postar/krav som ikkje er rekneskapsførte	Finst det framtidige krav som inneberer at delar av rekneskapsførte disposisjonar «reelt» sett allereie er bunde opp?	Notar i rekneskapen – ofte omtala som «ikkje rekneskapsførte krav» og «usikre krav» Informasjon frå kommuneadvokaten om tvistar/rettssaker Spørje revisor ved orienteringar om behandling av usikre postar
Spesielle resultatpostar i året som krev omtale og som har påverka rekneskapen	Er det økonomiske resultatet for året påverka av periodiseringsfeil/spesielle avsetningar? Er resultatet påverka av ekstraordinære inntekter/utgifter?	Notar i årsrekneskapen Årsmeldinga Spørsmål til kommunedirektøren/økonomisjefen Spørsmål til revisor

Spesielle postar som revisjonen har hatt vanskar med å revidere	Er det postar som revisor meiner er usikre og/eller som har vore vanskelege å vurdere/revidere?	Spørsmål til revisor
Storleiken på korrigerede feil og ikkje-korrigerede feil	Kor store beløp utgjer korrigerede feil og ikkje-korrigerede feil?	Spørsmål til revisor

Tabell 2

6. Vurdering av økonomiforvaltninga og internkontrollen

Tabell 3 viser ei oppstilling over tema som kontrollutvalet kan vurdere for å kunne seie noko om kommunen si økonomiforvaltning og interne kontroll.

Vurderinga bør i all hovudsak bygge på arbeidet som revisor har gjort i rekneskapsrevisjonen og i etterlevingskontrollane. Vidare kan det også vere aktuelt å legge til grunn relevant arbeid frå utførte forvaltingsrevisjonar og andre undersøkingar frå revisor, statlege tilsyn og informasjon frå kommunen. Dette vil i stor grad vere saker som har vore til behandling i kontrollutvalet.

Tema	Vurdering	Hente inn informasjon – kjelder
Økonomisk internkontroll	<p><u>Internkontroll</u></p> <p>I sin ordinære rekneskapsrevisjon har revisor plikt til å sjå etter om kommunen har ordna den økonomiske internkontrollen på ein trygg måte, kommunelova § 24-6. Ein siktar då til dei områda av internkontrollen som er avgjerande for å utarbeide årsrekneskapen utan vesentlege feil. Dermed er det ikkje krav til å utføre revisjonshandlingar utover det som er nødvendig for å uttale seg om årsrekneskapen. Det er heller inga plikt for revisor å stadfeste at internkontrollen er effektiv. Heller ikkje å uttale seg særskilt om den økonomiske internkontrollen i revisjonsmeldinga.</p> <p>Dersom revisor oppdagar vesentlege manglar i den økonomiske internkontrollen, <u>skal</u> revisor ta dette opp i nummererte brev til kontrollutvalet. I tillegg vil revisor kome med forslag til betringar i kommunen sin økonomiske interne kontroll. Dette kan bli gjort i andre brev, notatar og presentasjonar til kontrollutvalet,</p> <ul style="list-style-type: none"> • Er det rapportert/kommunisert vesentleg svikt i den økonomiske internkontrollen som bør komme kommunestyret til kunnskap? 	<p>Revisjonsmeldinga</p> <p>Nummererte brev frå revisor</p> <p>Revisjonsbrev, årsoppgjørnotat frå revisor</p> <p>Presentasjonar frå revisor i kontrollutvalet</p>
	<p><u>Bevillingskontroll (Budsjettavvik)</u></p> <p>Revisor har i ny kommunelov fått utvida oppgåvene sine i den ordinære rekneskapsrevisjonen til også å omfatte</p>	<p>Revisjonsmeldinga, nummererte brev, revisjonsbrev,</p>

	<p>vesentlege budsjettavvik. I gjennomføringa av revisjonen vil revisor bygge på ei vurdering av risiko for vesentlege brot på kommunestyret sine premisser for bruken av beviljingane. Dette vil mellom anna omfatte vurdering av om budsjettkontrollen er hensiktsmessig og forsvarleg innretta.</p> <p>Revisor sin kontroll på dette området skal rapporterast som eigen uttale (RSK 302), med moderat sikkerhet når det gjeld budsjettavvik og avvik frå premissane for budsjettet</p> <ul style="list-style-type: none"> • Er det forhold som bør komme til kommunestyret sin kunnskap? 	<p>årsoppgjørsnotat frå revisor</p> <p>Revisoruttale vedkommande vesentlege budsjettavvik (RSK 302 – forenkla etterlevingskontroll)</p>
	<p><u>Registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar (bokføring)</u></p> <p>Revisjon av registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar inngår i den ordinære rekneskapsrevisjonen. Formålet er å gje tilstrekkeleg tryggleik for at kommunen har oppfylt bokføringsregelverket sine krav om å etablere eit grunnlag for å utarbeide årsrekneskapen og å kontrollere dette. Revisor må ta stilling til kommunen sine bokføringssystem og -praksis med omsyn til vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen. Bokføringa vil derfor bli undersøkt og vurdert av revisor som ein integrert del av revisjonen av årsrekneskapen.</p> <p>Vidare attesterer revisor dei 6 terminvise meldingane for meirverdiavgiftskompensasjon til Skatteetaten, og kontrollerer rutinar/system. Dei gjer stikkprøvekontrollar i samband med denne attestasjonsoppgåva.</p> <p>Revisor attesterer også årlege kontrolloppstillingar over samla bokførte og lønsmelde beløp til Skatteetaten, og gjer kontrollar av rutinar/system. Dei gjer stikkprøvekontrollar i samband med denne attestasjonsoppgåva.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Bokføring <ul style="list-style-type: none"> ○ Har revisor rapportert/kommunisert vesentlege svikt når det gjeld registrering og dokumentasjon av kommunen sine regnskapsopplysningar, som bør komme kommunestyret til kunnskap? • Behandling av meirverdiavgift og mva.–kompensasjon <ul style="list-style-type: none"> ○ Har revisor utført utvida kontrollar på området, og kva funn er gjort? ○ Kor store feil har revisor avdekket i samband med attestasjonane / stadfestingane og kor store beløp utgjer tapt kompensasjon pga. feil behandling i kommunen? ○ Korleis vurderer revisor risiko og intern kontroll når det gjeld behandling av mva.-kompensasjon? ○ Er det i nokon av kjeldene rapportert/kommunisert om vesentleg svikt som kommunestyret bør bli kjent med? • Løn <ul style="list-style-type: none"> ○ Har revisor utført utvida kontrollar på området, 	<p>Revisjonsmeldinga, nummererte brev, revisjonsbrev, årsoppgjørsnotat frå revisor</p> <p>Attestasjonar, skattemelding for MVA- kompensasjonar</p> <p>Attestasjon av skjema (kontrolloppstilling) over samla bokførte og lønsmelde beløp</p>

	<p>og kva funn er gjort?</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Korleis vurderer revisor risiko og internkontroll når det gjeld behandling av løn? ○ Er det i nokon av kjeldene rapportert/kommunisert om vesentlig svikt som kommunestyret bør bli kjent med? 	
	<p><u>Misleghald</u></p> <p>Kommunelova § 24-5 slår fast at revisor skal bidra til å hindre og å avdekke misleghald og feil. Hovuddelen av dette arbeidet i rekneskapsrevisjonen gjeld vurdering av internkontrollen for å analysere og avdekke områder der det kan vere risiko for misleghald. I tillegg gjev hovuddelen innspel om førebyggjande tiltak i internkontrollen. Vidare skal revisor melde alle tilfelle av misleghald skriftleg til kontrollutvalet.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Tal på saker/meldingar varsla frå revisor til kontrollutvalet. • Er sakene følgd opp og handtert på tilfredstillande måtar? • Type saker/gjentakande saker/områder/verksemder som kan indikere svak intern kontroll? • Er det i nokon av kjeldene rapportert/kommunisert om vesentleg svikt som kommunestyret bør bli kjent med? 	<p>Meldingar frå revisor til kontrollutvalet om misleghald</p> <p>Revisjonsmeldinga</p> <p>Nummerert brev frå revisor</p>
Økonomi- forvaltning	<p><u>Forenkla etterlevingskontrollar av økonomiforvaltninga – RSK 301</u></p> <p>Forenkla etterlevingskontroll er kontrollar i etterkant av revisjonen av årsrekneskapen. Kontrollen skal rette seg mot dei delane av økonomiforvaltninga som går utover det å uttale seg om årsrekneskapen.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kva område(r) er kontrollert(e)? • Kva er essensen i revisor sin uttale på dei områda som er kontrollerte? • Er det rapportert/kommunisert vesentleg svikt i den økonomiske internkontrollen, som bør komme kommunestyret til kunnskap? 	<p>Revisoruttaler vedkommande etterlevingskontrollar med økonomiforvaltninga jmfør RSK 301 Føreset at rapport(ar) er levert seinast samtidig med revisjonsmeldinga.</p>
	<p><u>Forvaltingsrevisjonar der fokus har vore økonomiforvaltning / etterlevingskontrollar</u></p> <p>Utover revisor sin forenkla etterlevingskontroll kan kontrollutvalet ha gjennomført forvaltingsrevisjonar og andre undersøkingar som heilt eller delvis knyter seg til svikt i økonomiforvaltninga.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Er det rapportert/kommunisert vesentleg svikt i den økonomiske internkontrollen som bør komme kommunestyret til kunnskap? 	<p>Rapportar frå forvaltingsrevisjonar/ undersøkingar</p>

	<p><u>Rettsaker / tvistar kommunen er eller har vore involvert i</u></p> <p>Omfanget av rettsaker og tvistar og korleis kommunen handterer desse, kan gje indikasjonar på om kommunen har forbetningspotensiale i den interne kontrollen.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kor mange tvistar og kva skuldast dei? • Er det typar saker som gjentek seg og som kan skuldast svak internkontroll? • I kva grad er rettsaker/tvistar følgd opp på ein tilfredsstillande måte frå kommunen sin side? 	<p>Tilbakemelding på revisor sitt advokatbrev</p> <p>Juridisk avdeling (dialog eller brev)</p>
	<p><u>Innkjøp</u></p> <p>Kommunesektoren gjer kvart år innkjøp for vesentlege beløp. Desse skal gjennomførast i samsvar med innkjøpsregelverket. Tilbydarar kan klage kommunen inn til Klageorganet for offentlige anskaffelser (KOFA) for avgjersle dersom dei meiner at innkjøpet er gjennomført i strid med regelverket.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kor mange saker, og kva typar saker er klaga inn til KOFA? • I kven sin favør har avgjerslene i KOFA gått? • Kan KOFA-avgjerslene indikere at det er ein samanheng mellom KOFA-saka og svikt i internkontrollen på innkjøpsområdet i kommunen? 	<p>KOFA-avgjersler</p>
	<p><u>Statlege tilsyn med relevans for økonomiområdet:</u></p> <p>Statlege tilsynsaktørar gjer tilsyn med kommunen si etterleving av lover/forskrifter innan sine tilsynsområder. Konsekvensane av brot er normalt pålegg om oppretting/utbetring, men kan også vere mulege bøter/fagmulter med økonomisk effekt.</p> <p>Det er derfor naturleg at kontrollutvalet bygger på det arbeidet som andre tilsynsaktørar har gjort.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Er det rapportert/kommunisert vesentleg svikt i den økonomiske internkontrollen som bør komme kommunestyret til kunnskap? 	<p>Statlege tilsyn, t.d.:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skatteetaten (bok- ettersynsrapport, MVA/Løn/skatt) • Datatilsynet (GDPR) • Helsetilsynet / Statsforvaltaren • Arkivverket • Arbeidstilsynet
<p>Oppsummering</p>	<p>Kort oppsummering av den økonomiske internkontrollen og økonomiforvaltinga om kva moment som bør bli løfta opp til kommunestyret</p>	

Tabell 3

7. Vurdering av den kommunale økonomiske berekrafta (KØB)

Tabell 4 viser ei oppstilling av måltal som kontrollutvalet kan vurdere for å kunne seie noko om den økonomiske berekrafta. Vurderinga bør i det minste bygge på årsrekneskapen og kommunen sine finansielle måltal.

Tema	Vurdering	Henting inn informasjon (ikkje uttømmende/fullstendig)
Økonomisk handleevne	<p>Netto driftsresultat (korrigert) i % av brutto driftsinntekter samanlikna mot</p> <ul style="list-style-type: none"> • utviklinga av eigne tal over tid (5-10 år) • eigne måltal • nasjonale måltal • samanliknbare kommunar <p>Kort vurdering av tala. Kva fortel utviklinga?</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Årsrekneskap • Eigne måltall • Teknisk berekningsutval (TBU) • Kommuneproposisjonen • Årsrekneskap for samanliknbare kommunar, KOSTRA
	<p>Gjeldsgrad (langsiktig renteberande gjeld) i % av brutto driftsinntekter samanlikna mot</p> <ul style="list-style-type: none"> • utviklinga av eigne tal over tid (5-10 år) • eigne måltal • nasjonale måltal • samanliknbare kommunar <p>Kort vurdering av tala. Kva fortel utviklinga?</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Årsrekneskap • Eigne mål • TBU • Kommuneproposisjonen • Årsrekneskap for samanliknbare kommunar
	<p>Gjeldsbelastninga på drifta - netto utgifter til renter og avdrag i % av brutto driftsinntekter samanlikna mot</p> <ul style="list-style-type: none"> • utviklinga av eigne tal over tid (5-10 år) • eigne måltal • nasjonale måltal • samanliknbare kommunar <p>Kort vurdering av talla. Kva fortel utviklinga?</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Årsrekneskap • Eigne mål • TBU • Veileder i økonomistyring, Fylkeskommunen i Nordland
	<p>Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter samanlikna mot</p> <ul style="list-style-type: none"> • utviklinga over tid (5-10 år) • eigne måltal • nasjonale måltal • samanliknbare kommunar <p>Kort vurdering av tala. Kva fortel utviklinga.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Årsrekneskap • Eigne mål • TBU • Kommuneproposisjonen • Årsrekneskap for samanliknbare kommunar

